



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

Møteprotokoll for
Radøy sokneråd

Tid: 23.09.2015 kl. 18:00 - 19:00

Stad: KYRKJEKONTORET, MØTEROMMET

Frammøte:

Simon Walther Grandahl	Leiar
Marta Grønstad Hvidsten	Medlem
Silje Kristin Ellingsen	Medlem
Ludvig Grindheim	Medlem
Per Bjørkhaug	Varamedlem
Kristen Kvalheim	Varamedlem
Gunnar Olav Kartveit	Varamedlem
Kjell Johan Sekkingstad	Medlem
Jostein Dale	Kommunal representant

Forfall:

Gudrun Maria Solen Rikstad	Nestleiar
Elin Irene Klausen	Medlem

Saker som vart behandla på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Arkivkode
2015/16		(F) Sikring av Manger kyrkje.	463.0
2015/17		(S) Soknerådsval 2015	002.00
2015/18		(S) Møteplan for soknerådet 2015	012.1

KYRKJEKONTORET, 24.09.2015

Underskrifter:

Vi stadfestar med våre underskrifter at møteboka, som vi har signert, er ført i samsvar med det som vart avgjort på møtet.

2015/16 (F) Sikring av Manger kyrkje.

UTREDNING

Noverande Manger kyrkje vart tatt i bruk i 1891. Dokument frå Manger sokneråd syner at det allereie under bygginga var mange diskusjonar rundt konstruksjonen. Kyrkja fekk tidleg ei helling mot aust som har vore relativ stabil gjennom lang tid.

I 2001 og 2006 vart det gjort registrering av loddavvik for vegger og søyler samt horisontalavvik for golv. Det vart registrert sideveis avvik men ingen setningar i grunnen.

I februar 2014 førte knakelydar i bygget og ein 2 cm sprekk i golvet på galleriet til at det kom uromeldingar frå dei tilsette om tilstanden til kyrkja. Soknet tok kontakt med Akasia som etter synfaring og målingar på bygget avla rapport 24.02.2014. Det vart også tilrådd ny synfaring med eit firma med spesialkompetanse på laftekonstruksjonar. Det vart deretter gjort befaring og gjeve rapport frå firmaet "Gamle 3hus". (Akasia er Bergen kyrkjelege fellesråd sitt eige selskap for eigedomsforvaltning, kyrkjebygg og gravplassar)

Målingane syner at bygget i perioden 2006 til 2014 i snitt har kome 23,8 mm ytterlegare ut av lodd. På det meste har kyrkja no eit loddavvik på 220 mm målt på austre langvegg. Dette er svært urovekkande og det er naudsynt å setja i gang tiltak for å stoppe rørsla sideveis. Vi risikerer at kyrkja vert ubrukeleg, anten grunna ytterlegare rørsle i konstruksjonen eller grunna usikkerhet knytta til stabiliteten.

Rapportane konkluderer med at bygget er for därleg avstiva og at det hastar med å gjera tiltak for å stoppe utviklinga. Det synest også dokumentert at grunnforholda er stabile og at bygget ikkje har råteskadar som har samanheng med at kyrkja har eit stort loddavvik.

Soknet engasjerte i april 2014 Akasia for å utarbeide eit forprosjekt for å legge fram ei løysing for stabilisering og avstiving av kyrkja. Den prosjekterte løysinga gjekk kort ut på å trekke kyrkja tilbake og avstive bygget med stålavstivingar i tak og gavlveggar.

Forslaget vart presentert for soknerådet i møte 27.08.2014. Arbeidet var då rekna å kosta kr. 2,1 mill ekskl. mva. På bakgrunn av dette soknet Radøy kommune om at det vart tatt opp lån på inntil 3 millionar. Radøy kommune har sett av midlar i budsjett for 2015.

Løysinga har seinare vorte vurdert som usikker grunna stor risiko for skader ved opprettinga. Det var ikkje mogeleg å få garanti eller forsikring på denne løysinga.

Med bakgrunn i uvisse knytta til skadar ved ei oppretting av bygget var det ønskeleg å kvalitetssikre løysinga. Prosjektet er spesielt og vi måtte også vera førebudd på at opprettinga kunne føre til følgeskadar. Det var som nevnt ikkje mogeleg å få garanti på arbeidet eller forsikre seg mot skader. Etter å ha drøfta saka med KA (kyrkja sitt KS) si avdeling for kirkebygg og kulturminneforvaltning vart det tatt ei ny vurdering av løysinga med oppretting og avstiving av kyrkja.

Radøy sokneråd

Vurdering er gjeve i rapport frå Multiconsult av 18.12.2014.

- Multiconsult tilrår ikkje oppjekking/opprettning av kyrkja, men at den vert forsterka i noverande posisjon grunna risiko for skader ved opprettning.
- Det vert tilrådd ny/forsterka fundamentering for å ta opp auka strekkrefter som følgje av forsterking av avstivinga.
- Multiconsult sitt forslag er vesentleg meir omfattande når det gjeld avstivande stålrammer i tak og avstivande element i gavlvegger.

Manger kyrkje er listeført. Endringar av bygget må derfor godkjennast av Biskopen i Bjørgvin og drøftast med Riksantikvaren. Nødvendige løyve er innhenta med unntak for godkjenning av peleløysing frå Riksantikvaren si avdeling i Bergen. Riksantikvaren har varsla synfaring for å vurdere tilkomst for å gjennomføre ei arkeologisk forundersøking.

Det er gjennomført tilbodskonkurranse for arbeida med stabilisering av Manger kyrkje. Av påmelde firmaer vart 2 prekvalifiserte og innan fristen kom det inn 1 tilbod.

Basert på innkome tilbod inkludert kostnader til prosjektering og uforusette utgifter, er samla kostnadsramme for prosjektet estimert av Radøy kommune til kr. 7.400.000,- mot ei kostnadsramme på kr.3.250.000,- i vedtatte budsjetttramme for 2015. Med bakgrunn i den store skilnaden mellom det innkomne tilboden og vedtatte budsjettanner må Radøy sokn avventa eventuell tildeling av kontrakten.

Kostnader knytta til Riksantikvaren sine mogelege undersøkingar er ikkje tatt omsyn til.

Det har vore vurdert å dela opp arbeidet slik at dei tildelte midlane for 2015 kunne nyttast. Multiconsult og kommunen sine fagpersonar tilrår ikkje ei slik løysing. Det vil etter deira vurdering både ta lenger tid og ha ein høgare totalkostnad.

Etter møter med administrasjonen i Radøy kommune er det mest truleg at spørsmål om finansiering ikkje kan handsamast før i budsjettmøtet i desember. Arbeidet må då utsetjast til 2016.

Vurdering

Det er allereie knytta usikkerheit til bygget, og bruk av kyrkja på dagar med mykje vind kan opplevast utsikt både for tilsette og publikum. Tryggleiken må koma først og bygget kan ikkje nyttast dersom det er fare for at det kan oppstå skade.

Rapportar konkluderer med at kyrkja er for dårleg avstiva og det hastar med å gjera tiltak for å stoppa utviklinga. Dersom ein vel å ikkje stabilsera kyrka, er marginene til at bygget ikkje kan nyttast små og Radøy sokn må difor fortløpende vurdera kor vidt kyrkja må stengjast grunna denne usikkerheten.

Radøy sokneråd

Vi går mot ei årstid med meir vind og har derfor bedt om ei fagleg vurdering av bruken av kyrkja i tidsrommet fram til stabiliseringstiltaka vert sett i verk. Multiconsult har i notat av 8.september 2015 gjeve si vurdering i forhold til bruk av kyrkja. Det framgår at kyrkja fortrinnsvis burde vore stengt, men ut frå erfaring med kva den toler av vind tilrår dei likevel at kyrkja kan nyttast ved moderat vind, ikkje over 15m/s. Dei rår også til at bruken vert avgrensa til gudstenester og gravferder og at kyrkja ikkje vert leigd ut før den er forsterka.

Stenging av kyrkja er ikkje ønskeleg, men tryggleiken til tilsette og besökande må vega tyngst. Tilbakemeldingar frå tilsette og kyrkjelyden er at ein del føler seg utrygge når det er mykje vind. Sjølv om det så langt ikkje har skjedd noko med bygget må tilbakemeldingane takast alvorleg.

Det er viktig å ha enkle og praktikable reglar for bruk av kyrkja i tida fram til forsterkinga er gjennomført. Multiconsult tilrår bruk av kyrkja til gudstenester og gravferder dersom det ikkje vert meldt vind over 15 m/s ut frå vårmeldingar 1 døgn på førehand. Dette burde vera enkelt å førehalda seg til. Soknerådsleiar og dagleg leiar kan ha felles ansvar for oppfølging.

Det enklaste er å ikkje nytta kyrkja ut over gravferd og planlagte gudstenester. Konsertar, konfirmantundervisning og annan aktivitet kan flyttast til andre lokaler eks. Sæbø og Hordabø kyrkjer, ungdomsskulen eller Manger bedehus.

Kyrkjegarden er også eit risikoområde og delar av plassen må enten sperrast av eller skiltast slik at det ikkje ferdast personar der i sterkt vind. Det mest praktiske er truleg å informera ved hjelp av skilt og stenge av området rundt kyrkja når det er meldt vind ut over 15 m/s.

Det er allereie gjort avtalar om utleige av kyrkja. For at desse ikkje skal verta skadelidande er det praktisk at tidspunktet for stenging vert frå veke 41, mandag 5.oktober 2015.

INNSTILLING

Manger kyrkje vert stengt for bruk inntil forsterking av kyrkja er ferdigstilt.

Gravferder og planlagte gudstenester kan likevel haldast i kyrkja dersom det ikkje er meldt vindstyrke over 15 m/s 1 døgn før arrangementet. Høgaste meldte vindstyrke meldt av storm.no eller yr.no vert lagt til grunn.

Gravplassen vert skilta med informasjon om fare ved sterkt vind. Området rundt kyrkja vert stengt av når det er meldt vind ut over 15 m/s.

Stenging vert sett i verk frå veke 41.

Soknerådsleiar og dagleg leiar har felles ansvar for oppfølging av vedtaket.

MØTEBEHANDLING

Stenging medfører ulemper for mange som ynskjer å nytta kyrkja, men soknerådet er primært oppatt av at tryggleiken til tilsette og besökande må vega tyngst. Det ligg føre fleire rapportar som gjev klåre føringar på at bruk av kyrkja må avgrensast ved mykje vind. Sjølv om det så langt ikkje har skjedd noko med bygget må tilbakemeldingane takast alvorleg.

Det er viktig å ha enkle og praktikable reglar for bruk av kyrkja i tida fram til forsterkinga er gjennomført, og soknerådet går inn for at gudstenester og gravferder kan haldast dersom det ikkje vert meldt vind over 15 m/s ut frå vårmeldingar 1 døgn på førehand. Soknerådsleiar og dagleg leiar bør ha felles ansvar for oppfølging.

Flytting av gudstenester i 2015 kan verta aktuelt for 4 søndagar fram til årsskifte:

- søndag 18.oktober kan verta flytta til Hordabø
- søndag 1. november kan verta flytta til Sæbø
- søndag 15.november kan verta flytta til Hordabø
- søndag 6.desember kan verta flytta til Sæbø

Når det gjeld skulegudstenestene og gudsteneste på julaftan, treng ein ekstra tid for å gjennomføre ei eventuell flytting. Då vil vervarselet 48 timer før arrangementa verta lagt til grunn for vurderinga.

Gudstenestoplan for 2016 vert vedtatt av soknerådet før årsskiftet.

Konfirmantundervisning har så langt vore i Manger kyrkje på onsdagar. Det er vanskeleg å flytta undervisninga til ei av dei andre kyrkjene på kort varsel. Manger bedehus er førespurd om utleige og kan nyttast til samlingane når meld vindstyrke overstig 15 m/s. Sokneprest og trusopplæringsmedarbeidar har felles ansvar for kor vidt kyrkja kan nyttast til konfirmasjonsarbeid.

VEDTAK

Manger kyrkje vert stengt for bruk inntil forsterking av kyrkja er ferdigstilt.

Gravferd, planlagte gudstenester og planlagt konfirmasjonsundervisning kan likevel haldast i kyrkja dersom det ikkje er meldt vindstyrke over 15 m/s 1 døgn før arrangementet. Høgaste meldte vindstyrke meldt av storm.no eller yr.no vert lagt til grunn.

Når det gjeld skulegudstenestene og gudsteneste på julaftan vert vermelding 48 timer før arrangementet lagt til grunn.

Gravplassen vert skilta med informasjon om fare ved sterkt vind. Området rundt kyrkja vert stengt av når det er meldt vind over 15 m/s.

Stenging vert sett i verk frå veke 41, mandag 5.oktober.

Soknerådsleiar og dagleg leiar har felles ansvar for oppfølging når det gjeld gravferder og planlagte gudstenester.

Sokneprest og trusopplæringsmedarbeidar har felles ansvar for kor vidt kyrkja skal nyttast til konfirmasjonsarbeid.

2015/17 (S) Soknerådsval 2015

UTREDNING

Soknerådsvalet skal formelt avsluttast.

Frist for klage over gjennomføring av valet er 7 dagar etter offentleggjering av valresultatet.

Soknerådet skal handsama eventuelle klagar.

Valboka skal takast inn som vedlegg til møteboka for soknerådet og underteiknast.

MØTEBEHANDLING

Valdeltakinga for Radøy sokn var 21,1 % mot 17,6 % ved førre val. Gjennomsnitt for landet var 16,7 % og 13,5 % i 2011. Det var auke i alle krinsar men Sæbø peikar seg ut med størst auke. Stid om enkelspørsmål relatert til bispedømerådsvalet kan også vera medverkande til ein generell auke.

Den gode oppslutninga i Sæbø kan delvis forklarast med ei god plassering, men også med at valmedarbeidarane har vore aktive for å få besøkande til kommunevalet til å røysta også ved kyrkjevalet.

Vi kan ikkje vera i same rom som kommune- og fylkestingsvalet og plasseringa på røystestadene har nok ein del å sei for oppslutninga. Spesielt på Manger kan det vera litt vanskeleg å finna kyrkjevalet for dei røystande.

I år har vi hatt førehandsrøysting på Velferdssenteret i tillegg til på kyrkjekontoret.

Nokre av dei innkomne listene har fleire enn dei tre kommunalringane som er tillatt. Sjølv om vi informerer, og det i tillegg til går fram av røystesedelen, kan det sjå ut som nokre trur at reglane er som ved kommunevalet. Der kan ein kommulere så mange ein ønsker. Dette kan vera forvirrande og må tilbakeldast til dei sentralt ansvarlege ved oppsummering av valet. Reglane burde vore like når vala føregår samtidig.

Frist for klage over gjennomføring av valet er 7 dagar etter offentleggjering av valresultatet. Det har ikkje kome klager på valet.

Dei av soknerådet som var til stades på møtet underteikna valboka. Valboka vert tatt inn som vedlegg til møteboka.

VEDTAK

Det har ikkje kome klager på valet.

Dei av soknerådet som var til stades på møtet underteikna valboka.

Valboka vert tatt inn som vedlegg til møteboka.

2015/18 (S) Møteplan for soknerådet 2015

UTREDNING

Soknerådet vedtok i møte 10.12.2014 møteplan for 2015.

Det nye soknerådet skal ta til 1.november. Det er viktig at det nye rådet vert konstituert så snart som råd.

Det er sett opp møte onsdag 4.november. Administrasjonen kallar inn til første møte og det synes seg at det er vanskar med å få gjennomført møte denne dagen.

INNSTILLING

Møtet vert flyttet fra onsdag 4.november til mandag 2.november kl. 18:00.

VEDTAK

Møtet vert flyttet fra onsdag 4.november til mandag 2.november kl. 18:00.